

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 11/2021 Budsjett til forvaltningsrevisjon

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Andrea Opseth	27.04.2021	11/2021

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet ber kommunestyret om fornya vurdering knytt til midlar til forvaltningsrevisjon i revidert budsjett.

#### VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1	07.04.2021	Frode Bekkestad	Notat vedr. Budsjettmidler til KU
2	23.06.2021	Sekretariatet	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2021
3	01.08.2021	Aurland Kommune	Budsjett kontrollutval og revisjon 2021
4	23.02.2021	Sekretariatet	Oversikt over vedteke budsjett vs. Kontrollutvalet sitt framlegg

#### Saksutgreiing:

Kontrollutvalet vedtok i møte 23.06.2020 (sak 15/20) budsjett for kontrollutval. Kontrollutvalet la fram fylgjande framlegg om budsjett for 2021:

Område	2021
Kontrollutvalet	91 900
Sekretariatet	184 900
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	250 000
Kjøp av eigarskapskontroll	0
<b>TOTALT</b>	<b>726 800</b>

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Budsjettet var behandla i Formannskapet den 26. november og Kommunestyret den 10. desember 2020, med fylgjande utfall:

Budsjett 2021		
Område	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	91900	91000
Sekretariatet	184900	185000
Finansiell revisjon	200000	200000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	250000	0
Kjøp av eigarskapskontroll	0	0
Sum	726800	476000
Avvik		250800
Kontrollutvalet har fått avsett 250 800,- mindre enn førespurt.		

### Lov og forskrifter om behandling av budsjett for kontrollutvalet:

Veileder til forskrift om kontrollutvalg og revisjon skildrar fylgjande:

#### § 2. Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet.

*Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»*

Vidare skildrarar veileidararen:

*«Som en del av sin helhetlige budsjettinnstilling, tar formannskapet selv stilling til hvordan det mener budsjettet for kontrollarbeidet bør være. Kontrollutvalgets budsjettforslag følger uendret saken. Det skal være klart og tydelig for kommunestyret hva kontrollutvalget har foreslått.*

*Henvisningen til kommuneloven § 14-3 tredje ledd sikrer at kontrollutvalgets forslag følger med innstillingen både i kommuner som er styrt etter formannskapsmodellen og kommuner som er styrt etter parlamentarismemodellen.*

*At forslaget skal følge innstillingen betyr også at kommunedirektøren ikke har adgang til å gjøre endringer i kontrollutvalgets forslag underveis i prosessen. Dette er også presisert i departementets tolkningsuttalelse i sak 20/2919-5. Her heter det at "[d]epartementet legger derfor til grunn at kommunedirektøren ikke kan endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet før det skal behandles i formannskapet."»*

Kontrollutvalgsboka – Om kontrollutvalgets roller og oppgaver seier vidare:

*Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit lågare beløp enn det kontrollutvalet føreslår. Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.*

Sekretariatet kan ikkje sjå at forslag til budsjettet til kontrollutvalet føl innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd.

I handsaming av saka i formannskap og kommunestyret, føl notatet «Budsjettdokument 2021». I dette notatet skildrar rådmannen forhold knytt til budsjett for 2021. Einaste henvisning til reduksjon i midlar til forvaltningsrevisjon finn ein som eit av fleire punkt under teksten område med størst reduksjon eller oppgang, derav reduksjon på midlar til revisjon på 230.000,- er nemnd i ei linje.

### **Rolla til kontrollutvalet i forvaltningsrevisjonsprosessen**

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon, men det er ingen plikt om årleg revisjon.

Under fylgjer ei oversikt over gjennomførte revisjonar i inneverande periode:

Årstal for vedtak	Revisjon
2019	Forvaltningsrevisjon Simas
2020	Eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling

Med bakgrunn i at kontrollutvalet si innstillinga til budsjett ikkje fulgte med saka til kommunestyret, ber kontrollutvalet kommunestyret om fornya vurdering knytt til midlar til forvaltningsrevisjon i revidert budsjett.

---

NOTAT

7.4.2021

Til Sekretariatet v/ Andrea Fardal Opseth

Frå KU-leder Frode Bekkestad

### Budsjett Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet kan bruke for å sikre at kommunen vert driven på ein måte som ivaretek innbyggjarane sine behov og rettar best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vedtok i møte 9.6.2020 (sak 12/20) plan for forvaltningsrevisjon for Aurland kommune i valperioden 2019-2023 der «Tekniske tenester/Teknisk etat» vart prioritert for revisjon.

Planen vart vedteken av kommunestyret i sak 047/20 utan merknadar.

I KU- møte 23. juni 2020 vedtok eit einstemmig kontrollutval i sak 15/2020 «Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2021 kr 250.000,- til forvaltningsrevisjon.

I budsjettinnstillinga frå rådmannen til budsjettmøtet i desember 2020 var kr 250.000,-teken ut av budsjett. Det var ingen grunngjeving frå rådmannen.

Saka vart følgt opp av gruppeleiar for AP, Per Are Flåm, i kommunestyret sitt møte 12 februar 2021:

#### **11.02.2021 Kommunestyret si handsaming i møtet: Spørsmål frå Per Are Flåm, Ap, med referat frå protokoll :**

Kommunestyret vedtok i juni 2020 plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I budsjett for 2021, som kommunestyret behandla og vedtok i desember 2020, ligg det ikkje noko finansiering av revisjon inne. Det var mykje tal og lite forklaringar om tala som låg i budsjettdokumenta, så for min del var det i alle fall ein glipp at eg ikkje klarde å fange opp dette under budsjettbehandlinga. Ifølgje lovverket så skal framlegg til budsjett frå kontrollutvalet følge med i innstillinga og behandlinga av kommunens årsbudsjett. Det gjorde det ikkje i denne budsjettbehandlingen, og det bidrog nok til at finansieringa er vedteken vekk. Eg ber difor Ordføraren om å leggje fram sak for KS snarast, for å få denne finansieringa på plass igjen, slik at ein kan gjennomføre planlagt og vedteken revisjon i 2021.

Svar frå ordføraren: **Ordføraren skal følgje opp saka og vil be om at det vert lagt fram sak til kommunestyret.**

I KU-møte 23 februar 2021 med tilvising til referat gjorde Kontrollutvalsleiar greie for budsjetthandsaming knytt til kontrollutvalet sitt budsjettframlegg, og reduksjon i løyving til forvaltningsrevisjon. Spørsmålet vart løfta inn i spørjetimen i kommunestyremøtet 11. februar. Saka vert teken opp att i kommunestyremøtet 29. april. Kontrollutvalsmedlem Kjell Nordgulen kommenterte kontrollutvalet si rolle. **Ordførar som deltok i møtet kommenterte at ei slik sak skal behandlast, og det difor ikkje er sikkert at ei slik løyving vil bli gitt.**

Eg viser til Kommunelova sine paragrafar knytta opp til korleis Kontrollutvalet sitt budsjett skal formelt handsamast:

#### **§ 2.Kontrollutvalet si rolle i fastsetjing av budsjettet for kontrollarbeidet**

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Eg har utheva i «gult» at Kontrollutvalet sitt budsjett skal følgje innstillinga til Kommunestyret si budsjetthandsaming i medhald av kommunelova sin paragraf 14-3.

Det er sjekka ut med gruppeleiarar i AP og H at kontrollutvalet si budsjettinnstilling IKKJE følgde med budsjettinnstillinga til kommunestyret 21 desember 2020 slik lova krev.

[https://innsyn.onacos.no/aurland/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2020008435&](https://innsyn.onacos.no/aurland/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2020008435&).

Eg kan og vise til at rådmannen i si budsjettinnstilling til formannskapet før jul i 2020 gjorde greie for fleire endringar i budsjettet med langt mindre postar enn fråtrekket til KU utan at han nevnte noe om dette. Han unnlot og ta med i si sakshandsaming til formannskapet sine medlemmer om KU sitt nedtrekk og KU sitt budsjett og vedtak vart ikkje lagt fram.

Eg ber Sekretariatet utreie og leggje fram sak til KU-møte i april om manglar i budsjetthandsaminga frå Rådmannen og sørge for at Kontrollutvalet si budsjettinnstilling vert lagt ved dokumenta til neste kommunestyremøte 29 april 2021 med tilvising til Ordførar sitt svar til Per Are Flåm i kommunestyret 12 desember 2021 og Ordførar sitt svar då saka var oppe i KU-møte 23 februar 2021.

Dersom kommunestyret no ikkje vedtek ei ekstraløyving til forvaltningsrevisjonen, så er neste mogelegheit i samband med budsjetthandsaminga i slutten av 2021. Då vil ikkje midlar til forvaltningsrevisjon bli utløyst før i 2022, og då går denne kommunestyreperioden mot slutten og vi kan risikere at det ikkje blir gjennomført noko forvaltningsrevisjon i denne perioden. Dette er heilt uakseptabelt og ikkje i medhald av Kontrollutvalet sine lovpålagde oppgåver

Sekretariatet blir og beden om å gje Kontrollutvalet på generelt grunnlag, ei klar tilbakemelding på kva som skal vere rådmann og ordførar si handsaming av Kontrollutvalet si budsjettinnstilling i medhald av kommunelova sine føresegner.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 15/2020 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2021

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Harald Mo	23.06.2020	15/2020

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Sekretariatet gir følgjande framlegg om budsjett 2021 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2021
Kontrollutvalet	91 900
Sekretariatet	184 900
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	250 000
Kjøp av eigarskapskontroll	0
<b>TOTALT</b>	<b>726 800</b>

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

#### BAKGRUNN

Aktuelle lover og forskrifter:

Kommunelova  
Forskrift om kontrollutval  
Forskrift om revisjon  
Anbudsdokument KPMG  
Avtale om sekretariat med PricewaterhouseCoopers AS

Vedlagte tabell viser (for samanlikningsføremål) framlegg til budsjett frå kontrollutvalet for 2020, samt det endelege vedtaket i kommunestyret for 2020.

Område	Budsjett 2020	
	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	87 000	268 500
Sekretariatet	181 512	
Finansiell revisjon	200 000	530 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000	
Kjøp av selskapskontroll	50 000	
Kjøp at tenester til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	80 000	
<b>Totalt kontroll og tilsyn</b>	<b>798 512</b>	<b>798 500</b>

## SAKSUTGREIING

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Dette budsjettforslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Budsjettet er delt i 5 delar:

1. Kontrollutvalet
2. Sekretariatet
3. Finansiell revisjon
4. Kjøp av forvaltningsrevisjon
5. Kjøp av eigarskapskontroll

### 1. Kontrollutval

I forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 står det at kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet skal dekke godtgjersle for leiar og medlemmar av kontrollutvalet, tapt arbeidsforteneste for medlemmane, deltaking på relevante kurs/seminar og eventuelle andre administrative kostnader.

Budsjettposten for drift av kontrollutvalet 2021 er på totalt kr 91 900.

Budsjettpost	Totalt
Fast godtgjersle KU-leiar (avrunda, lønsvekst 2,5%)	15 000
Møtegodtgjersle kontrollutvals-medlemmar (avrunda, lønsvekst 2,5%), kr 9 225 per medlem (4), 700 per vara (3 møter)	39 000
Tapt arbeidsforteneste	5 000
Deltaking på kurs og konferansar	20 000
Arbeidsgjevaravgift	5 700
Møtemat	3 500
Kilometergodtgjersle	1 200
Kontingentar	2 500
<b>SUM</b>	<b>91 900</b>

### 2. Sekretariat

Det er avtale om fast pris vedkomande sekretariatsfunksjonen med PricewaterhouseCoopers AS. Kommunestyret vedtok avtale som gjaldt frå 1.6.17 fram til 1.6.19, med opsjon på 2 + 2 år etter dette. Rådmann har i samråd med kontrollutvalet valt å nytte seg av denne opsjonen. Etter avtalen var prisen i 2020 på kr 179 450. Frå og med 1.1.2021 skal prisen justerast med endring i konsumprisindeksen for 2020. I budsjettframlegget vert det lagt til grunn at ein får ei endring i konsumprisindeksen i denne perioden på om lag 3%.

Budsjettposten for sekretariatet vert då sett til kr 184 900.

### **3. Finansiell revisjon**

Budsjettpost for kjøp av revisjonstenester vert i budsjettet delt i 3.

Aurland kommune har lyst ut oppdraget på ny og dette skal opp tilhandsaming i kommunestyret 18. juni 2020. KPMG er innstilt som revisor etter offentlig anbod. Honoraret er basert på fastpris for rekneskapsrevisjon og timepris på andre oppdrag. Anslag på samla honorar for 2021 er kr 200 000 + mva.

### **4. Kjøp av forvaltningsrevisjon**

Kommunestyret har 18. juni 2020 oppe til handsaming ny plan for forvaltningsrevisjon fram til 2023, basert på framlegg frå kontrollutvalet.

Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 250.000 + mva til kjøp av forvaltningsrevisjon i 2021.

### **5. Kjøp av eigarskapskontroll**

Kommunestyret skal samstundes vedta ny plan for gjennomføring av eigarskapskontroll fram til 2023, basert på framlegg frå kontrollutvalet.

Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 0 til gjennomføring av ein selskapskontroll i 2021. Bakgrunnen for dette er at det pågår eigarskapskontroll av Aurland Eige AS og forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS i 2020 og at det ikkje er identifisert område med umiddelbare behov for eigarskapskontroll ut over dei som pågår no.

### **Samla budsjett forslag**

Det samla budsjettforslaget for kontrollutvalet 2021 vert på bakgrunn av saksutgreiinga kr 726 800.





1 AURLAND KOMMUNE (2021) - År/Periode 2021 1 - 12

08.01.2021

**Buds(end)  
2021**

Ansvar: 110 RÅDMANNSFUNKSJON

Funksjon: 10024 REVISJON

13710 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE

*Finansiell revisjon*

200.000

Sum funksjon: 10024 REVISJON

200.000

Sum ansvar: 110 RÅDMANNSFUNKSJON

200.000

TOTALT

200.000



1 AURLAND KOMMUNE (2021) - År/Periode 2021 1 - 12

08.01.2021

Buds(end)  
2021

Ansvar: 100 POLITISKE ORGAN

Funksjon: 10025 KONTROLLUTVAL

10810 FAST GODTGJERSLE FOLKEVALDE	54.000
10820 MØTEGODTGJERSLE	6.400
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	6.400
11011 ABONNEMENT AVISER OG TIDSSKRIFT	2.000
11172 SERVERING MØTER/UTVAL/ORG./RÅD	2.000
11511 AVGIFTER KURS OG SEMINAR	12.000
11512 REISEUTGIFTER/OPPHALD (IKKE OPPG.PL)	3.800
11600 KØYREGODTGJERSLE - TENESTEREISE	2.600
11970 KONTINGENTAR	1.800

Kontroll-  
utval

Sum funksjon: 10025 KONTROLLUTVAL 91.000

Sum ansvar: 100 POLITISKE ORGAN

91.000

Ansvar: 110 RÅDMANNSFUNKSJON

Funksjon: 10025 KONTROLLUTVAL

13710 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	185.000
Sum funksjon: 10025 KONTROLLUTVAL	185.000

Sekretariatet

Sum ansvar: 110 RÅDMANNSFUNKSJON

185.000

TOTALT

276.000

# Sak 11 Vedlegg 4

Budsjett 2021		
Område	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	91900	91000
Sekretariatet	184900	185000
Finansiell revisjon	200000	200000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	250000	0
Kjøp av eigarskapskontroll	0	0
Sum	726800	476000
Avvik		250800
Kontrollutvalet har fått avsett 250 800,- mindre enn førespurt.		